

SELSTAD treng fleire notbøtarar i Uskedalen.

18.03.2019



SELSTAD i Uskedalen er ein trygg og god arbeidsplass. Frå opninga med dagenes adm. dir Hans Petter Selstad og ordføreren i Kvinnherad (Arkivfoto).

SELSTAD søker etter nobøtarar til sin avdeling i Uskedalen. Det er erstatning for tilsette som har vald å gå over i anna jobb. Totalt har SELSTAD 8 tilsette i Uskedalen. Egil Pile er driftsleiar på SELSTAD sin serviceavdeling i lokala til Eidsvik Skipsbyggeri AS. Å vera notbøtar er eit eige fag og all opplæring vert gjort ved hovudkontoret i Måløy.

SELSTAD er ein internasjonal leverandør av utstyr og kompetanse til den maritime marknaden. Verksemda har 11 lokasjonar langs kysten frå Tromsø i nord til Uskedalen i sør. Spisskompetansen ligg innan oppdrettsutstyr og fiskeredskapar. I tillegg kjem varer som tau og utstyr til sikkerhet, industri og offshoreverksemdar.

SELSTAD AS starta avdeling i Uskedalen i 2017. Verksemda har trong for meir personell og bed om at aktuelle kandidatar melder si interesse og søker slik det er føreskrive i stillingsannonsen. Spørsmål skal rettast til driftsleiar Egil Pile.

Søknadsfristen er 20. mars 2019.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: SELSTAD / Kristian Bringedal



Tilsette som notbøtarar vil få ei grundig opplæring på basen i Måløy (Arkivfoto).